

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 157/2025

av 13. juni 2025

om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1769 av 26. juni 2024 om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2015/2174 med omsyn til oppdatering av den rettleiande oversikta over miljøvennlege varer og tenester og over miljøvennleg økonomisk verksemd⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XXI til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XXI nr. 27ca (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2015/2174) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32024 R 1769:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1769 av 26. juni 2024 (EUT L, 2024/1769, 27.6.2024).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2024/1769 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 14. juni 2025, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

⁽¹⁾ TEU L, 2024/1769, 27.6.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/1769/oj.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 13. juni 2025.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann

UOFFISIELL OMSETJING